

JULEMINNE FRÅ GATÅ

Astrid Øvsttun

Skriv til pensjonistjulemøte 13.12.1993. Astrid Øvsttun, f.Breistein 23.06.1917.

Me pensjonistar synes om å lesa, høyra og snakka saman om gamle dagar, - mimra som det heiter. Det nærmar seg jul, og eg vil med dette mimra litt om juletida frå min barndom, som var i 20-åra. Eg budde i Gatå i barndomen, så det meste av det eg opplevde, gjekk føre seg der.

Juleførebuinga tok til for alvor kring 1.desember. Det var liten markering av adventstida, derfor inga feiring av den. Høyrdé om den på skulen, der vart og juleevangeliet lese og fortalt om, og likeins lærte me alle julesongane, - alle versa, utanåt. Ja, me måtte pugga dei, så dei set att endå.

Ja, den julestrida, som dei gamle sa, den var strid for både store og små. Baking og annan julemat skulle lagast, og nye klede til jul skulle verta ferdige. Alt det som ikkje vart gjort elles i året skulle gjerast ferdig til jul. Til sist skulle heile huset vaskast og ting pussast, - heile huset skulle skina og lukta reint når julafstan kom.

Borna hjelpte til på sin måte, med barnepass, ærendegåing og andre småting. Å få selja julehefte var gjevt, det var nokså mange slags julehefter som skulle seljast. Me vart litt rike av det, slik at me kunne kjøpa nokre julegåver, og snopa litt av det som kom i butikkane berre til jul, slik som julestomp, julageit, druer og sure appelsiner. Dei var så sure at me laga hol i skalet og stappa sukkerbitar i før me kunne eta dei. Det vart omtala som stormkyss.

Bakstekonene hadde det travelt før jul, dei heldt til i vaskekellarar og bakte både lefse og flatbrød. Me var flittige «stikk-innom-gjester», - det vart alltid utdelt ein smaksprøve.

Det einaste som minte om jul og julestas i Gatå, var utstillingsvindauga til Alvilda Albertsen og Eide og Petersen sine butikkar. Fulle av alle slags leikar, julekuler, stjerner, spyd til å ha i toppen av juletreer, sølvlenker, glitter, - alt i alle regnbogens fargar. Det var som eit eventyr, - at det kunne finnast så mykje fint! Sjølvsagt heldt me oss attmed dei vindauga for det meste, og fylgte med kva som vart borte etter kvart. «Kven fekk den, eller den, skal tru?»

Dei aller siste dagane før jul kom Bergsdølingane til Dale på julehandel. Hestane hadde ei stor dombjølle og fleire små hengande rundt halsen. Var det bitande kaldt, hadde dei fargerike åkleda over ryggen. Med det vart det fin jule-

stemning i Gatå. Når dei skulle heimat fekk me stå på meiesledane oppover Gatå, og var ikkje Jebsabrekka for glatt, fekk me fylgja med til den store skorsteinspipa til fabrikken.

Midt i all travelheita, spenninga og forventninga var me litt urolege. Grunnen var julareiæ. Julereiæ ja, ho innfann seg ei god stund før jul for å rökja etter om alle born var snille, for dei fekk noko fint til jul. Men dei som ikkje var det fekk med henne å gjera. I vårt hus heldt ho til på loftet. Når eg gjekk i trappene kom ho ramlande ned loftstrappa, og då sprang eg for livet inn døra. Fantasien og redselen tok av og til overhand. Ellers var ho «allestadsnærvarande» og hadde mange born å passa på. Om nettene fekk ho halda til i bakeria hjå Petersen og Hjertås, - der hadde ho det varmt. Julaftan forsvant julareiæ, og julenissen kom i plassen for ho. Han var hjarteleg velkommen.

Siste søndagen før jul var skitnesøndag. Då skulle alle gå i kvardagsklede, og det var lov å arbeida. Dei fleste bakte hjortebakkelse den dagen, så det lukta smult over det heile. Mange nytta denne dagen til å gå til skogs etter julatre.

Ein gamal skikk var at hengde me ein sokk over sengestolpen når me gjekk til sengs julaftan, så var den full av julegodter om morgonen. Og det stemte! Ja, denne søte juletid og alt det gode som fylgte med den, - var det rart me gledde oss til den heile hausten framover?

Det var ingen gudstenester på Dale i den tida, verken julaftan eller juledag. Dale høynde til Bruvik prestegjeld, og hovedkyrkja var på Bruvik. Der budde den einaste presten me hadde. Det var slik at høgtidsgudtenester skulle vera der presten budde.

Men me hadde Dale Musikkforening. Julaftan stod dei i Gatå og spelte jula inn medan kyrkjeklokkena kima. Med det fekk me ei kjensle av høgtid. Første juledag gjekk musikkforeninga rundt heile Dale og spelte julesongar mellom husa. Det var fint og høgtideleg, noko me sette stor pris på. Me var så glade i og stolte av musikken vår. Dei fleste takka for den fine musikken med å gje dei pengar. Dei kom alltid opp i trappegangen i huset vårt og spelte, der var det god plass og det var som oftast bitande kaldt i julehelga. For meg var det ei stor oppleveling at sjølvaste musikken stod inne i huset vårt og spelte. Dei vart bedne inn i den varme stova, der fekk dei varmt å drikke og julegodt.

Ein gamal skikk var at me ikkje skulle gå ut av huset første juledag. Det var strengt forbudt. Dette vart lempa litt på etter kvart. Me fekk då gå ut, men ikkje gå inn til nokon, for det skulle herska julefred i heimane første juledag.

Men frå andre juledag starta julebesøk mellom slekt og vene. Me gjekk rundt til kvarandre. Familiene var store og det vart mange koselege julabesøk. Borna fekk halde julaspel hos kvarandre og det var svært populært. Først gang rundt julatreet, deretter vart det servert saft, skiver/kaker og litt julagodt. Det hende me var so mange at me sat på golvet og åt. Alle skulle vera med. Etterpå heldt me alle julaspel-leikar me kunne hugsa på. Då kunne det gå riktig lysteleg for seg.

Nest etter julaftan var julatrefestane i Forsamlingshuset den store opplevinga. Programmet var taler, bevertning, opplesing og gang rundt julatreet. Gjevast var musikkfesten, då spelte musikken og me fekk gå marsj og leika «ut å gå på brannvakta.»

I dei første tenåra var eg med på dei vaksne sine festar. Programopplegget var mykje det same som på barnefestane, men noko fyldigare, og kanskje litt ulikt frå fest til fest.

Alle foreningar/lag laga til kvar sin fest, med so og seia same festlyd. På dei fleste festane spelte Salongorkesteret, både julasongar og festleg underhaldningsmusikk. Av og til overlet dei taktstokken til sin gjestedirigent Martin Søvik. Han dirigerte Salongorkesteret lett og elegant, samtidig som han spelte på tverrfløyta. Det var slett ikkje ei tverrfløyta, men ein del av eit støvsugarrør, dertil hadde han eit morosamt forhold til musikkarane. Alt dette til stor moro for festlyden. Topp underhaldning på sitt beste. Moro var det og når Edvard Tollefseñ leste morosame stubbar på ein spesiell måte, med fynd og klem.

Julatrefestane gjekk føre seg i julahelga og heile januar månad.

Idag opplever me at Forsamlingshuset ikkje lenger er liv laga. Det er vemodigt. Forsamlingshuset vart benytta til nesten alt som gjekk føre seg, både i sorg og glede.

Men dei mange og gode minna, i dette høve frå julatrefestane i Forsamlingshuset, har me så absolutt friskt i minne framleis.